



Tilbydarar

| | | | |
|---------------------|----------------------|---------------------------|-------------|
| Referanse | Saksbehandlar | Direkte telefonnr. | Dato |
| 10/996 - JP 10/3104 | KAR | 57 78 20 48 | 14.07.2010 |

KONKURRANSEGRUNNLAG: Asfaltering kommunale vegar 2010

Oppdragsgjevar:

Gulen kommune, Drift og vedlikehald, Eivindvikvegen 1119, 5966 Eivindvik

Oppdrag:

Gulen kommune ønskjer tilbod på nylegging av asfalt og reasfaltering av div. kommunale vegar i 2010.

Tilbodet er delt i 3 delar.

1. Nylegging av asfalt på strekninga Sygnefest-Dingja (6800 m)
2. Nylegging av asfalt med pris pr m2 (100 kg/m2), diverse vegstrekningar
3. Reasfaltering med pris pr tonn, samt pris pr m2 for klebing, diverse vegstrekningar.

Tilbydar står fritt til å gje tilbod på ein eller fleire av delane over.

Kommunen skal stå fritt til å velje ulike leverandører for dei 3 tilboda.

Tildelingskriteriet: baserer seg på lågaste pris.

Oppstart/gjennomføring: Hausten 2010

Tilbodsfrist: Torsdag 5. august kl 12.00

Tilbodet lyt vere levert kommunen via post/direkte eller motteke på epost geir.haveland@gulen.kommune.no innan fristen.

Kontaktperson for asfalteringsarbeid er:

Gulen kommune

Drift og vedlikehald v/ Geir Haveland

Eivindvikvegen 1119, 5966 Eivindvik

E-post: geir.haveland@gulen.kommune.no

Tilbodssynfaring: Det vert ikkje arrangert felles synfaring for desse oppdraga.

Prosedyre for anskaffinga:

Anskaffinga av oppdraget vert gjennomført som open konkurranse etter ”forskrift om offentlige anskaffelser” av 20.juni.2006., del I og II, Anskaffing under EØS terskelverdiane og uprioriterte tenester. Gulen kommune vil innhenta tilbod frå fleire entreprenørar.

Konkurransen vil verte gjennomført på ein sakleg og forsvarleg måte som gjev lik behandling av tilbydarane.

Kommunen tar atterhald om å godta eller forkaste alle innkomne tilbod.

Kvalifikasjonskrav:

Leverandørar som leverer tilbod må framskaffe skatteattest for meirverdiavgift og skatt og HMS-eigenerklæring i samsvar med ”forskrift om offentlige anskaffelser” av 20.juni.2006.

Henvisning til kunngjøring: Konkurransen er kunngjort i Doffin den 15.07.2010.

Konkurransesgrunnlaget kan lastast ned frå kommunen si heimeside; www.gulen.kommune.no, under meny *trafikk og samferdsle*

SPESIFISERING AV OPPDRAGET

Kommunen har om lag 60 Km kommunal veg med grusdekke. Kommunestyret har for 2010 løyvd midlar for legging av fast dekke.

Kommunen vil sjølv gjere førearbeid på eksisterande vegunderlag i samband med dette arbeidet. Dette gjeld både nylegging og reasfaltering. For nylegging av asfalt lyt entreprenør forvalse grusunderlag, og eventuelt sørge for skjering mot eksisterande veg med asfaltdekke.

Tilbodet omfattar 3 delar.

1. Nylegging av asfalt på strekninga Sygnefest-Dingja (6800 m)
2. Nylegging av asfalt med pris pr m2 (100 kg/m2), diverse vegstrekningar
3. Reasfaltering med pris pr tonn, samt pris pr m2 for klebing, diverse vegstrekningar.

Tilbydar står fritt til å gje tilbod på ein eller fleire av delane over.

Kommunen skal stå fritt til å velje ulik leverandør for dei tre tilboda, kvar del skal difor prisast for seg.

Tilbod nr.1 gjeld fast pris for nylegging av asfalt på ei konkret strekning Sygnefest-Dingja.

Tilbod nr.2 gjeld generell pris pr m2 for nylegging av asfalt, der det er oppgjeve aktuelle strekningar. Det er sansynleg at dei fleste strekningane skal asfalterast i løpet av 2010/11. Kommunen skal likevel stå fritt til å velje blant strekningane og omfanget.

Tilbod nr.3 gjeld generell pris pr. tonn for reasfaltering, samt m2 pris for klebing, der det er oppgjeve aktuelle strekningar.. Det er sansynleg at dei fleste strekningane skal reasfalterast i løpet av 2010/11. Kommunen skal likevel stå fritt til å velje blant strekningane og omfanget.

TILBOD NR.1 nylegging av asfalt Sygnefest-Dingja

Kommunen ønskjer her pris på ei konkret vegstrekning Sygnefest-Dingja, sjå vedlagt kart.

| Vegstrekning | Veglengde m | Vegbredde m | Areal m ² | pr m ² kg/m ² | totalt tonn |
|------------------|----------------|----------------|-------------------------|--|----------------|
| Sygnefest-Dingja | 6800 | 3,3 | 22 440 | 100 | 2244 |

Tilbodet skal omfatte følgjande:

Asfalt/mykasfalt med kvalitet MA 12000/11, 100 kg/m² som følgjer ferdig lagt på ovannemnde vegstrekning, inkludert møteplassar og snuplassar.

Det lyt oppgjevast m² pris for eventuelt tilleggsarbeid.

Vi føreset at arbeidet vert utført innan utgangen av september 2010.

Oppstart og ferdigstilling skal oppgjevast for dette tilbodet.

Tilbodssummen skal vere fast og ikkje regulert for eventuelle endringar i løn og pris.

Næraste kai er Sollibotn, 6,2 Km frå Dingja

TILBOD NR.2 nylegging av asfalt fleire strekningar.

| | | Asfalt | | | | |
|---|-----------|-----------|----------------|--|--------|--|
| | Veglengde | Vegbredde | Areal | pr m ² kg/m ² | totalt | |
| Vegstrekning | M | m | m ² | 2 | tonn | |
| 1 Glosvikvegen /Dalsøyra | 950 | 3,4 | 3 230 | 100 | 323 | |
| 2 Halland - Nordal (Dalsbygda) /Dalsøyra | 1 460 | 3,4 | 4 964 | 100 | 496 | |
| 3 Byggefelt Eivindvik /Eivindvik | 150 | 3,4 | 510 | 100 | 51 | |
| 4 Virkesdalvegen /Dalsøyra | 790 | 3,4 | 2 686 | 100 | 269 | |
| 5 Randal - Vassvik (Nordre Sandøyra) /Ånneland | 2 260 | 3,4 | 7 684 | 100 | 768 | |
| 6 Vassvik - Skjerjehamn (Nordre Sandøyra) /Ånneland | 2 230 | 3,2 | 7 136 | 100 | 714 | |
| 7 E39 - X Sætre (Risnefjordvegen) /Brekke | 200 | 3,5 | 700 | 100 | 70 | |
| 8 Sjøvegen Asheim (Risnefjordvegen) /Brekke | 440 | 3,4 | 1 496 | 100 | 150 | |

Ein har lagt fylgjande til grunn: Forbruk asfalt 0,1 t/m².

For legging av fast dekke ynskjer kommunen pris pr m² (100kg/m²)

Kommunen tek atterhald å redusere omfanget, og vil stå fritt til å velje kva for asfalteringstiltak som vert realisert.

TILBOD NR.3 reasfaltering strekningar

| | | Asfalt | | | | |
|--|-----------|-----------|----------------|--|--------|--|
| | Veglengde | Vegbredde | Areal | pr m ² kg/m ² | totalt | |
| Vegstrekning | m | m | m ² | 2 | tonn | |
| 1 Midtun/Hendriksbø /Eivindvik | 1 600 | 3,4 | 5 440 | 85 | 462 | |
| 2 Rutledal - Vatne (Dingevegen) /Eivindvik | 1 800 | 3,4 | 6 120 | 100 | 612 | |
| 3 Halsvikvegen /Dalsøyra | 700 | 3,4 | 2 380 | 85 | 202 | |
| 4 Ortneset /Brekke | 800 | 3,4 | 2 720 | 85 | 231 | |

For reasfaltering ynskjer kommunen pris pr tonn asfalt, samt pris pr m² for klebing.

Kommunen tek atterhald å redusere omfanget, og vil stå fritt til å velje kva for asfalteringstiltak som vert realisert. Ein har lagt til grunn forbruk: 0,08 t/m² (erfaring frå asfaltering i 2006)

Anna:

I område som Gulen kommune skal legge dekke er det interesse frå oppsitjarane om å legge fast dekke på privatvegar, tun m.m. Ein føreset at desse grunneigarane får ”hekte” seg på når arbeidet skal utførast.

Kontroll og dokumentasjon.

Kommunen skal når som helst kunne kontrollere utføringa. Entreprenøren skal dokumentere utføringa.

Vedlegg:

Kart vegstrekning sygnefest-Dingja